

## Skjema for opplysningar om angrerett

Den næringsdrivande fyller ut og gir skjemaet til forbrukaren. Ved korrekt utfylt skjema er opplysningane i angrerettlova § 8 første ledd bokstav h, i og j, jf. andre ledd, å sjå som gitte.

### Angrerett

Du har rett til å gå ifrå denne avtalen i løpet av 14 dagar utan å grunngi dette. Angrefristen går ut 14 dagar etter den dagen du eller ein annan tredjemann enn transportøren, som du har peika ut, får den siste vara fysisk i hende.

For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss

Hoddevik Onelink.no

Gunnlafjellet 4, 5302 Strusshamn

(+47) 95 22 05 82 | post@onelink.no

på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen (t.d. i eit brev sendt i posten, telefaks eller e-post).

Du kan bruke det vedlagde angreskjemaet, men det er ikkje obligatorisk.

For å overhalde angrefristen er det nok at du sender meldinga om at du vil bruke angreretten før angrefristen går ut.

### Verknadene av å bruke angreretten

Dersom du går ifrå denne avtalen, skal vi betale tilbake alle betalningar vi har fått frå deg, medrekna leveringskostnadene (med unntak av tilleggskostnader som følgjer av at du har valt ein annan type levering enn den billegaste typen standardlevering vi tilbyr), utan unødig opphald og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen vi fekk melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen.

Vi gjennomfører tilbakebetalinga med same betalingsmiddel som du brukte ved den opphavlege transaksjonen, med mindre du uttrykkeleg har avtala noko anna med oss.

I alle tilfelle vil det ikkje kome noko gebyr som følgje av tilbakebetalinga.

Vi kan halde tilbake tilbakebetalinga til vi har fått varene tilbake, eller til du har lagt fram dokumentasjon på at varene er sende tilbake, eller til det tidlegaste av desse tidspunkta.

Du må returnere varene eller levere dei til oss, utan unødig opphald og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen du sende oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen. Du har overhalde fristen dersom du sender tilbake varene før fristen på 14 dagar har gått ut.

Vi vil ta kostnadene ved å returnere varene.

Du er ansvarleg berre for ein eventuell reduksjon i vareverdien som kjem av ei anna handtering av varene enn den som er nødvendig for å fastslå art, eigenskapar og funksjon ved dei.